

Årsmelding 2019 – Ørsta IL friidrett

Styret

Leiar: Olve Øyehaug

Økonomi: Trine Skjeret

Sportsleg leiar: Elin Opsal

Styremedlem: Lisbeth Hovden Nilsen

Styremedlem: Ole Jørgen Ose

Styremedlem: Åsmund Keilen

Styremedlem vara: Kristine Sævik Bjørneset

Sportsleg utval

Sportsleg leiar: Elin Opsal

Trenarar: 13+ år: Elin Opsal, Kari Lundestad Myrold, Svein-Egil Johannessen, Erik Drange Tønnessen, Michele Tharaldsen Hoggen.

10-12 år: Olve Øyehaug, Åsmund Keilen, Yngve Vadstein

Rekruttar - Olve Øyehaug og foreldrehjelparar

Oppmann: Olve Øyehaug

Utøvarar 13+ har hatt oppfølging av kretstrenarar.

Skulekontakt – Einar Myrold og Gunnar Festøy **Allidrettsgruppa:** Olve Øyehaug

Informasjonsmedarbeidar/pressekontakt Olve Øyehaug

Økonomiutval Trine Sørheim Skjeret og Olve Øyehaug

Sponsoransvarleg Olve Øyehaug

Stemneutval

Stemne i regi av Ørsta IL friidrett: Elin Opsal, Trine Skjeret, Olve Øyehaug

Saudehornet rett opp: Olve Øyehaug (kun rådgjervarrolle og formell teknisk arrangør)

Styremøte Det er halde to formelle styremøte. Mykje administrativt vert kommunisert og konkludert via elektroniske kanalar.

Representasjon administrativt

ØIL hovudstyre – Olve Øyehaug

Koordinatorar av anleggsgruppe: Ole Jørgen Ose og Olve Øyehaug

Statistikkførar: Svein-Egil Johannessen

Representasjon sportsleg – meisterskap

UM innandørs, Ulsteinvik: Amalie Tomasgard, J17 1500 m, bronse

NM Junior Sigdal: Elias Hovden Nilsen, MU20 spyd, gull. Andrine Hjellen Haugland, KU23 spyd, sølv. Anna Hjellen Haugland KU20 diskos og Sigrid Vartdal KU 200 m.

UM, Jessheim: Elias Hovden Nilsen, G18/19 spyd, bronse. Anna Hjellen Haugland, J17 diskos, bronse. Johannes Eiksund G16 100 m og 200 m, Amalie Tomasgard J17 800 m, Nahom Kibreab Ghebrehiwet G18/19 400 m og 800 m og Sigrid Vartdal J18/19 100 m og 200 m.

Nordisk juniorlandskamp U20, Kristiansand: Elias Hovden Nilsen, MU20 spyd, 5. plass.

Landslagsplass: Elias Hovden Nilsen vart i november med på juniorlandslaget U20 spyd.

Lerøyleikane: Fem deltakarar: Elise Aarflot, Thea Nilsen, Maria Mjelva Straume, Jenny Hermine Bjørneset og Arnstein Nikolai Ose

Økonomi Friidrettsgruppa i Ørsta har ein sunn økonomi. Eigenkapitalen er solid. Rekneskap viser omsetting på 361 650,- og positivt resultat på kr 20 578,- for 2019. Inntekter frå eigne arrangement og stønad frå lokalt næringsliv gjer at drifta går bra. Gjennom aktivt sponsorarbeid har gruppa god sponsorstøtte. Vi vil spesielt takke hovudsponsoren vår SpareBank1 Søre Sunnmøre. Andre sponsorar er: Vartdal Plast, Tussa, Kiropraktor Nilsen, Toyota Sunnmøre, Furene og Sport 1 Ørsta.

Utmerkingar Andrine Hjellen Haugland fekk innsatspokal på årsmøtet til Ørsta IL. Innsatspokalen vart tildelt Andrine for ekstraordinær innsats som utøvar i greina spydkast. Sidan 2014 har ho vore i norgestoppen i sine aldersklassar i spyd. Ho har banerekorden i spyd på Ørsta stadion. Ho har teke fleire medaljar frå nasjonale meisterskap.

Sportslege aktivitetar

Friidrettsgruppa har arrangert følgjande stemne i 2019:

Innandørs treningsstemne – 1 stk

Utandørs treningsstemne – 2 stk

Rekrutteringscupar – 6 stk (tre av dei innbakt i Ørstastafetten, Sparebank1-leikane og Ørstaleikane), m.a.

90 utøvarar deltok på gateløpet i Vikegata.

Ørstastafetten (34 lag og 130 påmelde)

TINEstafetten (50 deltakande lag)

Friidrettens dag (120 deltakarar)

Sparebank 1 leikane (221 påmelde)

Saudehornet rett opp (kun rådgjeving og formell teknisk arrangør – ingen direkte oppgåver)

Ørstaleikane (180 påmelde)

Friidrettsskule (45 deltakarar og 9 trenarar) – 8. året på rad

Lagserien og krinsserien 2019 I lagserien 3. div. kvinner vart Ørsta IL sine kvinner nr. 15 (ned frå nr. 10 i 2018). Poengsummen vart 11 290 (11 663 i 2018). Våre herrar i 3. div. vart nr 99 med 6 774 poeng (nr 38 med 9 135 poeng i 2018).

Krinsserien for 2019 for jenter og gutar 10-19 år er ikkje offisiell i skrivande stund, men uoffisielle kalkylar frå klubben viser 19 100 poeng. Det er høgste poengsum på svært mange år.

Rekordar Klubben fekk 28 resultat blant dei **10 beste på landsbasis** i aldersbestemte klassar (13 år og eldre) og senior/veteran:

Amalie Tomasgard, Andrine Hjellen Haugland, Anna Hjellen Haugland, Arnstein Nikolai Ose, Elias Hovden Nilsen, Filip Hoggen, Jenny Hermine Bjørneset, Johannes Eiksund, Sigrid Vartdal og Thea Nilsen.

Klubben fekk 102 resultat utandørs og 72 innandørs som var blant dei **3 beste på krets nivå** i aldersbestemte klasser og senior/veteran. Dei 21 som fekk desse resultatene var:

Amalie Tomasgard, Andrine Hjellen Haugland, Anna Hjellen Haugland, Arnstein Nikolai Ose, Elias Hovden Nilsen, Elise Aarflot, Filip Hoggen, Jenny Hermine Bjørneset, Johannes Eiksund, Johannes Vinsrygg Vadstein, Jørgen Andre Førde, Maria Mjelva Straume, Mathias Nedrelid Vatne, Nahom Kibreab Ghebrehwet, Sador Mikael Tesfay, Sigrid Vartdal, Steffen Velle Josefsen, Thea Nilsen, William Lillefosse, Zita Hovemann og Åse Øyehaug

Banerekordar: Andrine Hjellen Haugland sette banerekord med 49,90 meter i spyd. Anna Hjellen Haugland sette banerekord med 41,33 meter i slegge.

Klubbrekordar senior: 3 utandørs og 10 innandørs

Klubbrekordar junior: 3 utandørs og 9 innandørs

Over 1000-poeng To utøvarar frå Ørsta oppnådde til saman 8 resultat over 1000 poeng etter Tyrving-tabellen i 2019: Desse var: Anna Hjellen Haugland og Elias Hovden Nilsen

Over 900-poeng 17 utøvarar frå Ørsta oppnådde til saman 60 resultat over 900 poeng etter Tyrving-tabellen i 2019: Desse var:

Anna Hjellen Haugland, Aron Bjørdal Berg, Elias Hovden Nilsen, Elise Aarflot, Frøya Bernseter Keilen, Håvard Bernseter Keilen, Johannes Eiksund, Jonatan Hovden Ryste, Julie Hovden Ryste, Liam Digernes Mehreb, Madeleine Kristoffersen, Maria Mjelva Straume, Nahom Kibreab Ghebrehwet, Oda Heltne Tønnessen, Oskar Mjelva Straume, Rasmus Nymark og Sigrid Vartdal.

Dommarkurs

Etter at deltakarane på kretsdommarkurset i 2018 fekk praksis i 2019 fekk vi tre nye kretsdommar: Yngve Vadstein, Michele Hoggen og Kristine Bjørneset. Vi har og fire dommaraspirantar Ole Jørgen Ose, Andre Eiksund, Elias Hovden Nilsen og Åse Øyehaug som vi har som mål å få godkjent som dommarar i 2020.

Kommentar frå leiar Dei sportslege resultatane er dei beste på mange år frå klubben. Klubben fekk for første gang på mange år gull og sølv i junior NM. Det var som i 2018 stor deltaking frå klubben på UM og NM, det vil seie beste på mange år. Friidrettsgruppa har hatt godt framme på treningane også i 2019. Det var som oftast rundt 50-70 utøvarar på stadion på tysdagstreningane, enkelte gongar godt over det. Rekruttgruppa er størst. Det var stort sett 30-40 rekruttar på kvar av treningane, men med ein liten nedgang frå 2018. Det var ein god auke i 10-12 årsgruppa frå 2018, og det var over 20 aktive i gruppa i 2019. I alderen 13 år og eldre var det godt framme gjennom året, med 10-15 faste på kvar trening, og rundt 20 totalt i gruppa. Det vart ein god auke i gruppa då vintersesongen 19/20 starta. Det er stadig fleire utøvarar frå Volda som er med i klubben. Friidrettsgruppa har i 2019 hatt om lag like stor aktivitet som i 2018 då vi hadde største aktivitet på mange år. Vi har arrangert 10 store og små stemne og ein friidrettsskule. Gruppa bidrog som rådgjevar for Saudehornet rett opp. Det har vore god deltaking frå klubben på treningssamlingar i regi av kretsen.

Det har vore god dekning i Møre Nytt og Møre av eigne stemne og deltaking på stemne andre stader. Klubben har vore aktiv på eiga nettside og på Facebook, og har nådd ut til mange lesarar. Spesielt har Svein-Egil Johannessen utmerka seg med omfattande og raske oppdateringar av resultat og statistikk på medlemsgruppa på Facebook. Positivt er det at Møre Nytt no på eige initiativ hentar nyhende frå nettsida vår.

Den nye Ørstahallen opna 26. januar i 2019. Vi hadde første friidrettstrening der 11. februar. I hallen er det ei 60 metersbane med 4 løpebaner og om lag 15 meter retardasjonsfelt. Det er og ei lengdehoppgrøp i enden av løpebana. Det er lagt til rette for feste av kastbur og spydsegl i hallen. Vi nyttar og ei av dei tre handballbanane i hallen fleire gongar i veka til spenst og styrke i vintersesongen. Ørsta Idrettspark er i gang med å kjøpe inn kastsegl for spyd tidleg i 2020.

På dugnadar har det vore bra framme. Tartandekket vart spylt med brannslange før sesongstart på våren. Det vart hatt på soppdepar på tartandekket på våren. Løpedekket vart ikkje djupreinsa. Klubben fekk klubbsett med t-skjorte og genser frå Friidrettsforbundet og Coop Extra. Ut over dette vart det ikkje kjøpt inn nye klubbkle i 2018.

Det viktigaste for Ørsta IL friidrett er å gje barna eit godt friidrettstilbod. Dette har vi lukkast med. Svært mange unge barn deltek på treningane, og 2019 har representert Ørsta på stemne. Det var 179 deltakarar på rekrutteringscupane. Dette er ikkje mange klubbar i landet som har så god deltaking på eigne stemne. På gateløpet var det heile 90 utøvarar frå Ørsta IL. Friidrettsgruppa i Ørsta er godt nøgd med året 2019, og som leiar av gruppa vil eg takke alle for vel utført arbeid.

Olve Øyehaug, 6. mars 2020